

## Sak 37-21 Økonomiplan 2022-25.

Tilråding til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjøre slikt vedtak om økonomiplan for perioden 2022 – 2025.

2022:

*Bygg og faste installasjonar*

Kr 25,0 mill. til full finansiering av omlastehallar for mat-, rest-, glas og metall- og papiravfall med luktrensing og personalbase, inklusiv mottakspunkt for hytterrenovasjon på Melsgjerdet 3.

*Teknisk utstyr*

Kr 5,0 mill. i mindre investeringar som inventar, teknisk utstyr, avfallsbeholdarar, containerar, komprimator, ulikt utstyr for hjullastar, dataprogramvare.

2023:

*Teknisk utstyr*

Kr 0,5 mill. i mindre investeringar som beholdarar, containerar, programvare og liknande.

Kr 1,0 mill. Innføring av kjeldesortering for fritidshus.

Kr 3,1 mill. i innkjøp og montering av Rfid. brikker med leseutstyr i bil.

2024:

*Teknisk utstyr*

Kr 2,0 mill. i mindre investeringar som behaldarar, containerar, programvare og bygningsmessige oppgraderingstiltak.

2025:

*Bygg og faste installasjonar*

Kr 3,0 mill. i planlegging / prosjektering av oppgradering av miljø-gjenbruksstasjonen i Torvmyrane 29, med sist gjeldande brann, sorterings-, og utslepps-krav.

2.

Investering i eventuelt biogassanlegg i planperioden inklusiv innløyning av restareal Melsgjerdet 3 regulert til avfallsanlegg, vert å sjå i samanheng. Det vil om det syner seg aktuelt, få sin finansiering i eiga sak og eige vedtak i eigarkommunane våre.

3.

Fossilfrie varebilar vert å ta i bruk før 2025. Fossilfrie lastebilar basert på biogass vert å ta i bruk ved etablering av evt. biogassanlegg.

### Saksutgreiing

*Samandrag:*

Tilrådinga er i tråd med vedteken Strategi og handlingsplan for same periode, og er ei vidareføring av økonomiplanen for perioden 2021-2024.

Den følgjer opp nasjonal avfallspolitikk og vedteken strategiplan for VØR som har fire mål:

- Materialgjenvinning på minst 60 % innan 2025 ut frå gjenvinnar.
- Redusere klimautslepp.
- Digitalisering
- Innrette gebyrregulativet sterkare mot bruk av VØR sine tenester

Investering og drift støttar opp med naudsynte virkemiddel for å nå måla, i tillegg til å prioritere lovpålagte tiltak som å få all lagring og handsaming av avfall under tak, og brannsikre anlegga.

I denne planen er klimareduserande tiltak prioritert sterkare enn tidlegare, i tråd med regjeringa sine mål i Klimakur 2030 og styre/ representantskap sine uttalte mål. Vidare fortsetter vi digitaliseringa for å betre tilgang på informasjon og sanntidsopplysningar til innbygarane.

Økonomiplanen legg først og fremst opp til å sluttfinansiere utbygginga igangsett på Melsgjerdet 3. På same tid vert det investert og lagt om drifta på miljøstasjonen for å oppnå betre kvalitet og for å utnytte stasjonen betre.

Drift på Melsgjerdet 3 vil gi nokre driftsomleggingar, som skal gi redusert klimautslepp. Det er lagt opp til å evaluere effekten av dette gjennom nokre år, før ein går vidare med nye utbyggingar i Torvmyrane 29.

Lågare investeringar i 2023-24-25 enn det ein betalar i avdrag, vil og auke det økonomiske handlingsrommet for utviding av miljøstasjon i Hovdebygda i 2026. I høve gebyr er det lagt opp til å følgje løns og prisstigning for kommunesektoren. Denne er kalkulert til 3,0 % årsvekst, i tillegg kjem effekten av investeringane i 2021 og 2022.

### ***Saksgang på økonomiplan.***

Representantskapet skal etter Lov om Interkommunale selskap § 27 og vedtekter for selskapet § 7 vedta økonomiplan for selskapet for dei komande fire år. Og det skal gjerast årleg

Planen bygger på VØR sin strategiplan og årlege handlingsplan og kjem med tilråding frå styret til representantskapet. Vedteken økonomiplan er grunnlaget for neste års drifts og investeringsbudsjett.

### **Tiltak og gebyrmessig effekt det enkelte år.**

*2022*

#### *Investering*

Første året i økonomiplanen finansierer siste del av nytt anlegg for innsamling, mellomlagring, omlasting av avfall, base for utlevering og lagring av nye og brukte behaldarar på Melsgjerdet. Vi ventar rente på nye låneopptak i 2022, på 1,5 %.

Anlegget skal brukast ca. halve året i 2022. Det vert kr 180,-pr abonnement i avskrivning og kr 60,- i rente utover nivået i 2021. Sum kr 240,- Dette vert finansiert via fondsmidlar frå 2020.

#### *Drift*

Nytt anlegg vil generere behov for noko nytt utstyr, inventar, komprimatorar og ulikt løfteutstyr til hjullastar. Utstyr er for det meste leasa og såleis ført på drift.

Vi vidarefører kvalitetssatsinga frå siste åra for å nå overordna mål om å levere reine fraksjonar vidare, som faktisk kan materialgjenvinnast.

Satsinga krev kunnskap om no situasjonen og på mikronivå, slik som plukkanalyser og stikkprøver av innhald i behaldarane. Dette for å gjere rette overordna prioriteringar og adressere avvik til den som står for avvika. Ikkje dei som gjer ein god jobb.

Brukarundersøkinga 2020 og 2021 synte at 7 - 8 av 10 vil ha eigen innsamlingsordning for plastemballasje. Plastindustrien sjølv reknar med at plastmengdene vil doble seg framover mot 2035. Dette er i samsvar med VØR sine tilsette sitt innrykk av telefonkontakt med abonnentane. Innbygarane er stort sett nøgde med innsamlinga av avfall, med unntak av ordninga for plastemballasjen.

Vi foreslår som ledd i dette å innføre ny henteordning for plastemballasje. Vi har bil til formålet ca. april 2022.

Plastsekkane må då festast på utsida av papirdunken. Plastsekken som i dag er tilpassa å bruke opp i behaldarane på 70 liter, vert bytta ut med ein sekk på 140 liter når lageret vårt med 70 l sekkar er tomt.

Vi trur det vil forenkle innsamling og sortering i etterkant. Det vert og innført ein eigen valfri behaldar for plastemballasje for dei som vil ha det i tillegg til plastsekken på 140 L, mot ekstra gebyr. Omlegginga vil i sum gi reinare papp/ papir / drikkekartong fraksjon. Og det vil gi betre kontroll med kvaliteten på plastemballasjen, slik at vi kan spare inn noko personalressursar i høve dagens ettersortering.

Vi ser for oss å gjennomføre plastinnsamlinga med baklastar. Tiltaket vil ikkje gi endra innkjøpskostnader for sekkane. Og vi satsar på å omdisponere ein av dei tilsette som i dag går på ettersortering, til å vere hjelpemann. Får vi det til, vil det ikkje auke realkostnadene våre. Bilen det er tale om er i 2021 delvis utleigt til Retura, så det vil derimot gi eit inntektsbortfall tilsvarende kr 200,- pr abonnement som er dekt inn ved auke i gebyret.

Nasjonal merkeordning er vedteken, og ved at innbyggjarane uavhengig av kvar ein er, møter same fargesymbol og emblem i heile landet meiner ein vil betre kvaliteten og redusere feilsortering. I eit meir og meir mobilt og globalisert samfunn er dette eit viktig tiltak. Vi er i gang, men erfarer at arbeidet er tidkrevjande. Vi har stipulert at kostnaden med tiltaket, nærma seg kr 100,- pr abonnement. Vi vel derfor å ikkje prioritere systematisk merking i 2022. Derimot satsar vi på å merke i samband med bytte av behaldarar og utlevering av nye behaldarar, og slik ta det gradvis over fleire år.

Vi innfører frivillig papirpose for matavfallet i 2022, til erstatning for grøne plastposar som er nytta fram til denne tid, etter vedtak tidligare i kommunestyra våre. Dette vil auke kvaliteten på det innsamla matavfallet og redusere «rejekt», som er fagordet for «utsortert restavfall frå matavfallet.» Ordninga vert å evaluere seinast i 2023, om det skal verte ei pålagt ordning frå 2024. Papirposar er dyrare enn plastposar både i innkjøp og utlevering ( toler ikkje regn), og vil auke kostnadene våre.

Vi reknar med at ca. 1/3 av abonnentane vil nytte seg av ordninga i 2022.

Vi har ikkje lagt inn kostnadsauke som følgje av tiltaket, då vi på same tid vil slutte å levere ut plastpose til innsamling av matavfall. Vi vurderar derfor gebyreffekten til å vere kr 0,-

Etter 2019 har vi gjennomført to årlege innsamlingsaksjonar på bygdene av farleg avfall (FA) / raud boks. Det har gitt auke i innsamla mengder FA og dermed reinare restavfall. Vi hadde planar om å rulle det ut over alt, men tilbakemelding frå selskap som har hatt dette, er at ein mister kontroll med FA når det ikkje vert deklarerert personleg, og at ein risikerer å møte «ei røys» med FA ved vegen når ein kjem på innsamlingstur. Det er i strid med forureiningsforskrifta sine krav, og kan såleis ikkje leggest opp til frå vår side. Tiltaket er derfor vidareført i 2022 etter same mal som tidlegare. Henteaksjonar på bygdene og bringeordning for dei i nærområdet.

I samband med at areal vert frigjort i Torvmyrane 29 når anlegget på Melsgjerdet opnar sommaren 2022, tek vi sikte på å etablere eigne innsamlingsordningar for trevirke til materialgjenvinning og hardplast i andre halvår 2022. Kostnadseffekten av tiltaka trur vi er marginale. Trevirke veit vi blir dyrare å levere. Hardplast billigare. Det er vanskeleg å sette tal på effekten.

Vi skifter programvare for fakturering og rekneskap hausten 2021, slik at vi kan starte med månadsfakturering frå januar 2022. Vi er usikker på den kostnadmessige effekten av å auke tal faktureringar frå 2 til 12, med purringar og oppfølgingar. Programvarekostnaden har vi oversikt over, men kor mykje personalkostnader det vil generere er vi usikre på.

SSB sin konsumprisindeks for tenestesektoren, der arbeidskraft dominerer, syner prisauke på 2,9 % siste 12 månadane, men er venta å auke når landet opnar opp etter Covid -19. Vi har derfor lagt oss på 3,0 % årsløn og prisvekst.

Samla vekst på grunn av investeringar og nye driftstiltak er kr 200,-pluss mva, og då er budsjettet saldert med bruk av fondsmidlar frå overskot 2020.

2023.

*Investering*

I 2023 vil kostnadsauken vere kr 200,- i avskrivning og drift frå investeringa i 2021 og 2022. Vi vidarefører utbygging av kjeldesortert mottakspunkt for fritidshus. Dette krev grunnavtalar enkelte stadar, så vi tek atterhald om at dette fell på plass. Vidare innfører vi Rfid brikker på behaldarane med leseutstyr på bilane. I rekneskapen minkar avskrivningane på raud boks, kværn og avfallsbehaldarar gjort i 2018. Vi meiner at tiltaket såleis ikkje skal generere auka gebyr.

2024.

#### *Investering*

Vi slutfører oppgradering av mottakspunkta for avfall frå fritidshus.

#### *Drift*

Ingen særskilde tiltak er planlagt i drift dette året. I 2024 vil det vere aktuelt med innsamlingsordning for hageavfall. Dette er ikkje saksutgreidd enno, så vi veit lite om kostnaden med det. Men den vil neppe vere særleg ulik innsamlingsordning for raud boks, som er stipulert til kr 40,- pr. abonnement.

2025

#### *Investering*

Vi planlegg å prosjektere utbygging av miljøstasjonen i Hovdebygda i 2025, med byggestart i 2026. Men dersom vi lukkast med planane våre om effektivisering av arealbruken i samband med at Melsgjerdet 3 opnar, kan denne utsettast lenger fram i tid.

#### *Drift*

Ingen særskilde tiltak er planlagt i drift dette året.

### ***Kva vurderingar ligg til grunn for nysatsingane i økonomiplanen.***

Planen bygger på vedteken strategiplan og økonomiplan for perioden 2021-2024. VØR nådde vel 58,6 % materialgjenvinning i 2020, medan nasjonalt mål var 50 %. Nasjonalt er kravet at bransjen skal nå 55 % materialgjenvinning i 2025. 60 % i 2030 og 65 % i 2035.

Nasjonalt aukar altså kravet, men tar ikkje høgde for at målemetoden vert endra frå 2025. Då skal målet registrerast ut frå gjenvinnar som faktisk levert gjenvinning, og ikkje inn til gjenvinnar som i dag.

Ny målemetode vil redusere vår gjenvinningsgrad. Uvisst kor mykje. Truleg til godt under 55 %. (som er kravet i 2025.)

Det tar tid å auke materialgjenvinninga, så ein må vere i gang med tiltak før fristane i årstal som er sette av storting og regjering er der. Å auke gjenvinninga frå rundt 55 % og opp til 60 % vert krevjande, men slik vi ser det, er det mogleg..

Ved ei medviten statsing på ein kombinasjon av kvalitet, målretta kommunikasjonstiltak overfor dei som ikkje får sorteringa til og innsamling av nye materialgjenvinningsfraksjonar, kan vi nå målet. Innsatsen må vere kunnskapsbasert. Vi har derfor lagt inn plukkanalyser som årleg syner tilstand, stikkprøvebasert kvalitetskontroll og brukarbetaling ved feilsorering, som viktige tiltak i perioden.

Materialgjenvinningsmålet er av representantskapet i 2021 sett 5 % høgre enn nasjonale mål, og er ikkje foreslått endra.

#### *Klima*

Punktet om klima kjem frå klimaforliket som eit samla storting står bak. Konkret er målet 20 % reduksjon av utslipp av klimagassar samanlikna med referanseåret 2010.

Vi har alt gjort fleire tiltak, men det er fleire vegval som kan gi mindre klimaavtrykk.

- Slutthandsaming av avfallet lokalt med etablering av biogassanlegg gir størst effekt.
- Komprimering av avfall før varene vert sende ut. Det kan vere pressing av papir, plast og papp i 500 kg ballar. Det kan vere bruk av komprimerande utstyr for t.d. restavfall. Og det kan vere lagring av trevirke under tak, som gjer at ein ikkje får nytta lastekapasiteten på det som vert sendt ut, grunna for høg fukt. Lågare vekt pr fullt lass vil dessutan gi lægre drivstoff forbruk.
- Å nytte lastbærarar med høg netto laste evne. Vogntog med lasteevne på 60 tonn og med 25,25 meters lengde kjem no i Noreg etter å ha vore standard i Sverige i fleire tiår. E-39 er opna for slik bruk til tømmertrafikk. Likeså deler av det øvrige vegnettet. VØR treng det og på kommunale vegar som Torvmyrvegen, og vi treng det på fylkesveg 655. Ingen av dei har det i dag.
- Endre energiform på bilane, frå fossil energi til fornybar energi. Eg foreslår derfor å bytte ut varebilane med elektriske motorar innan 2025. Storbilane må vente til teknologien er meir moden, alternativt at bilane vert bytta ut med biogass drivne motorar.
- I innkjøpsamheng stille krav om lastbærarar som kan ta med opp mot 40 tonn nyttelast.

#### *Økonomiplan 2022-25 mot økonomiplan 2021 -2024.*

Disse to planane er svært like, og har satsinga sin på utbygging av omlastings -anlegget på Melsgjerdet som det største investeringstiltaket.

Framdrift på utbygginga er slik i dag:

Utbygging er i gang og mykje men ikkje alt er ferdig prosjektert. Byggestart var mars 2021. Anlegget kan takast i bruk medio-ultimo juni 2022, og skal formelt vere ferdig med alt i oktober 2022. Vi reknar avskrivning frå tidspunktet vi tar anlegget i bruk.

#### *Status låneramme*

Investeringane i denne økonomiplanen er lagt opp slik at vi held oss innafor låneramma på 130 mill. kr.

I 2022 vil vi betale 8,4 mill. i avdrag, og så vil dette falle pr år utover i perioden.

Ved utgangen av 2022, vil 120,6 mill. kr av låneramma vere nytta.

Ved utgangen av 2023 er utnyttinga av låneramma kr 117,0 mill. kr.

Ved utgangen av 2024 er utnyttinga av låneramma kr 111,8 mill. kr

Ved utgangen av 2025 er utnyttinga av låneramma kr 116,6 mill. kr

#### *Biogass*

Evt. Biogassanlegg er ikkje med i økonomiplanen. Dert krevst eit samarbeid mellom fleire for å kunne realiserast dette, og det ligg fortsatt fram i tid.

Kommunestyra bad i 2020 om at det kjem eiga sak dit. Vi ser det då slik at det naturlege vil vere at kommunestyra då også tar stilling til VØR sin deltaking i finansieringa av slikt anlegg.

#### *Sjølvkostfondet*

I økonomiplanperioden er det lagt opp til at fond hushaldning skal vere tilnærma i balanse. Vi har eit opparbeida fond på 3,513 mill. kr pr utgangen av 2021 som må tilbakeførast i 2021, 22, 23, 24 eller 25. Ein del av dette er brukt i 2021. Vidare har vi rydda opp i lager gammalt hageavfall på Torvmyrane.

#### *Andre faktorar*

Gebyrinntektene skal balansere med kostnadene. Det inneber at alle investeringar i planperioden vert å finansiere med låneopptak, og avskrivast i objektet sin levetid.

Vi har lagt til grunn 3,0 % årsløns og prisstigning for kvart år i perioden. Vi er innstilte på å drive med omstillingstiltak, og disse vert å ta med i det enkelte års budsjett. Det er såleis vanskeleg å vere absolutt om nettoverknad av det som ligg meir enn eit år fram i tid.

#### *Oversyn gebyrutvikling i perioden inkl. omstillingstiltak.*

År	Standardgebyr	Nye tiltak lagt inn.
2022	kr 3095,20	Kapitalkostnader frå investeringar 2021 og 22. Oppstart plastinnsamling.
2023:	kr 3295,20	Rfid brikker på behaldarane. Heilårsavskrivingar frå investeringar 2022.
2024	kr 3395,20	Mindre vedlikehaldsinvesteringar.
2025	kr 3496,-	Mindre vedlikehaldsinvesteringar.

#### *Samanlikning i gebyr mot naboselskapa.*

Heimesidene til kommunane og SSB tal, syner slike standardgebyr i 2021, eks .mva.

Stadt og Stryn	kr 3375,20
Stranda	kr 4095,00
Sula	kr 3318,00
Hareid/Ulstein	kr 3518,40
Volda/ Ørsta	kr 2895,20

Slik vi ser det, vil vi ha billigare gebyr enn kommunane rundt oss også i åra som kjem.

#### ***Meir detaljar om investeringstiltaka.***

2022.

Utbygginga på Melsgjerdet er prisa til 98 mill kr. ekskl mva og inklusiv VØR sin avsetning til inventar på anlegget. Då er alle kjende tillegg tatt med pr dato.

Det usikre punktet er prisstigning. Det får vi ikkje svaret på før byggindeksen er klar i september 2022.

Tiltaket vil flytte innsamlingsdelen av VØR til eige anlegg, og frigjere plass i Miljøstasjon / gjenbruksstasjonen i Hovdebygda slik at fleire fraksjonar kan sorterast ut. Det gjeld hardplast og reint trevirke som kan gå til materialgjenvinning. Avfall som no vert laga ute, kan flyttast under tak.

2023.

Miljødirektoratet foreslår betalingsordningar for levering av avfall, i tråd med det ein kastar. Også kalla «Pay as you throw» -Payt.

Å innføre dette på småbehaldarar, krev elektroniske brikker på alle beholdarar og lesarar på bilane. Vi har sett dette opp med 3,1 mill. kr, og slik at det skal kunne vere operativt frå 2024.

Vi fortsetter med å bygge ut hytterrenovasjonspunkt med full kjeldesortering.

2024.

I 2024 er det sett opp mindre summar til programvare og containerar.

2025.

Vi startar planlegging av utbygging i Hovdebygda med fleire sorteringsalternativ, brannsikring/ sløkking, og infiltrasjonsanlegg for overflatevatn.

#### **Anna bakgrunnsinformasjon**

##### *Utstyr til kompostering av hageavfall*

Det er i dag krevjande å få levert vidare hageavfall. Dette har vi fått løyve til å kompostere på Melsgjerdet, men vi får det ikkje på plass i første byggetrinn. Infiltrasjonsanlegget tar plassen, og vi ser og at ei slikt komposteringsplate må vere overbygt med meters veggjar på sidene for å ha kontroll med vasstilgang og avrenning. Det må kome i neste byggetrinn.

##### *Andre tiltak.*


Hjullastar og anna teknisk utstyr som skal nyttast på Melsgjerdet vert leasa inkl. utstyr. De er såleis driftskostnad. Den eine av innsamlingsbilane blir skifta i 2022 og leasa. Konkurransen er gjennomført.

##### *Ikkje med i planen:*

Restareal på Melsgjerdet 3 regulert til avfallsanlegg er på 16 daa. Dette er tatt ut av planen, då vi ikkje greier å finansiere det med den låneramma vi har tilgjengeleg og styret sitt ynskje om låge gebyr. Vi

vel å sjå det saman med utbygging av biogassanlegget og finansiering av det. Alternativet er å ta det inn i 2024.

Petter Bjørdal  
Dagleg leiar



Vedlegg:

Skjematisk oversyn over investeringane det enkelte år.

### Skjematisk oversyn over investeringane det enkelte år.

2022

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
Rest finansiering Melsgjerdet 3 av omlastehallar og infiltrasjonsanlegg.	Kr 25.000.000,-

Teknisk utstyr

	Sum
Containerar, behaldarar og mindre teknisk utstyr	Kr 1.080.000,-
Pappkomprimator med installasjonar rundt	Kr 500.000,-
Utstyr for hjullastar. Krok, laste- og snø-skuff, feiekost	Kr 685.000,-
Installasjonar rundt papirkomprimator	Kr 900.000,-
Programvare	Kr 350.000,-
Inventar	Kr 300.000,-
Ballepresseutstyr	Kr 1.185.000,-
Sum	Kr 5.000.000,-

2023

Teknisk utstyr	Sum
Mindre investeringar i behaldarar, containerar og programvare	Kr 500.000,-
Rfid brikker, leseutstyr i bilar	Kr 3.100.000,-
Oppgradering av mottak for hytterrenovasjon	Kr 1.000.000,-
Sum	Kr 4.500.000,-

2024

Teknisk utstyr	Sum
Mindre investeringar i behaldarar, containerar og programvare og liknande	Kr 2.000.000,-

2025

Investeringsobjekt bygg- fast installasjon	Sum
Prosjektering av oppgradering miljø-gjenbruksstasjon i Hovdebygda	Kr 3.000.000,-